



Lokal grunnordning for gudstenesta

Utkast 25.01.23

I OSTERFJORDEN OG MO SOKN

Framlegg til soknemøte | Til uttale. | 19.03.23 i Osterfjorden; i Mo.

Innhold

Innleiing.....	3
Prosess 2 grunnordning.....	4
Ordning for hovudgudsteneste.....	12
i. Samling.....	12
ii. Ordet	16
iii. Nattverd.....	21
Det kan vere bønevandring under nattverden.....	21
Nattverdbøner.....	22
Nattverdbøn D.....	22
Nattverdsbøn E.....	25
iv. Sending.....	28
Agende hovedgudsteneste med nattverd i Osterfjorden og Mo sokn.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.

Innleiing

Osterfjorden og Mo i Januar 2023

Til

Sokneråd, gudstenesteutval, stab og andre medarbeidarar, alle medlemmer i Osterfjorden og Mo sokn

*Vi var klar til å leggje fram forslag til revidert grunnordning for gudstenesta på **soknemøte** i Osterfjorden sokn 25.04.21 og Mo sokn 09.05.21.*

Så blei det ny Korona-nedstenging, og saka blei utsett. Så blei det byte av organist i Osterfjorden, og biskop Nordhaug svara seint på hausten 2022 nei på alle søknadar om å halde fram med liturgisk musikk utanom dei tre godkjende seriane. Men no er vi klar for siste innspurt. Det var liturgikveld i Ostereidet 29.1., og i Osterfjorden blir det handsaming i soknerådet 9. mars, og framlegging og uttale på Årsmøte/soknemøte i Ostereidet 19. mars. I Mo sokn blir det soknerådsmøte 16.03 og Årsmøte/soknemøte

Dokumenta kan leggjast ut på heimesida til Osterfjorden sokn. På Facebook kan ein gjerne syne til heimesida.

Sokna fekk pålegg om å justere dei lokale grunnordningane for gudstenestene. Gudstenesteordninga som vart vedteke i 2011 har no vore i bruk nokre år. Ein har sett på erfaringane omkring i landet, og funne det naudsynt å redusere talet på (førehandsgodkjende) alternativ til liturgisk musikk. Det er og nokre andre justeringar, vedtekne av Kyrkjemøtet i 2019.

Gudstenesteutvala i Osterfjorden og Mo har og kome med sine tilrådingar, og soknepresten har som sekretær vore skrivar og sakshandsamar. Sokneråda i Osterfjorden og Mo sokn slutta seg til gudstenesteutvala sine forslag attende i 2021, og vil få høve til å stadfeste eller endre dette i møta no i mars. Deira vedtak legg vi fram for soknemøta. Etter at soknemøta har fått høve til å kome med synspunkt, skal sokneråda gjere vedtak om lokal grunnordning.

Det er mange dokument. Dei 18 spørsmåla vi har svart på, finn de i «Prosess 2 grunnordning». Vi har freista å leggje alle dokumenta i dette fellesdokumentet.

Prosess 2 grunnordning

Sokneprest Aamli har vore sekretær. Her er utkast til oppsummering. På nokre punkt har soknepresten korrigert og supplert med nokre detaljar, som vi ikkje var merksam på i møtet. Soknerådet frå seie frå om dei ikkje er samde i presiseringane.

Revidering av lokal grunnordning for gudstenesta i Osterfjorden og Mo sokn våren 2021.		
Lokal grunnordning, framlegg til mal (nynorsk)		
Lokal grunnordning kan innehalde vedtak om praktiske forhold (pkt 67):		
<ul style="list-style-type: none">• Bruken av kyrkjerommet før, under og etter gudstenesta• Bruk av medliturgar og eventuell bruk av liturgiske kler for ikkje-vigsla medliturgar• Bruk av prosesjonar, prosesjonskors og prosesjonslys• Retningsliner for privat fotografering og lyd- og bildeopptak under gudstenesta• Andre faste rutinar ut frå lokalt særpreg og lokale behov		
Sokneråda tenkjer at stabane og gudstenesteutval (der ein har) vurderer dette, og tilpassar til den einskilde gudstenesta.		
Soknerådet <u>må</u> særskilt ta stilling til følgjande:	Kva for val vi har gjort fram til 2020 (<i>før koronaen</i>)	Kva val ønskjer vi f.o.m søndag etter påske 2023:
For hovudguds-tenesteremå vi velje ein av dei 3 godkjende seriane. Organist Trond Fykse og sokneprest Torbjørn Aamli rår våren 2023 soknerådet til å velje grunnserie 2 som liturgisk musikk. Det er sokneråda i Osterfjorden og Mo orientert om. I høgre kolonne nedanfor, vil difor dette forslaget stå, og dette er nytt i høve til framlegget frå 2021.		
1. Liturgisk musikk - Kyrie - Gloria	I 2020: KYRIE: (Melodi: 976.4 Slavisk /ukrainsk) I 2020: GLORIA: (Melodi: Salmer 97 nr 243. Taizé). <i>Søknad om å halde fram med dette blei avslått av biskopen hausten 2022.</i>	Kyrie: Mari T. Hinze/Torbjørn Dyrud Gloria: Magnus Beite/Torbjørn Dyrud

<p>- Familiegudsteneste:</p>	<p>I 2020 – familiegudstenester og gudstenester med mange born til stades: “Måne og sol” i staden for Kyrie og Gloria.</p> <p>Eller: I 2020: KYRIE: (Melodi: 976.4 Slavisk /ukrainsk)</p> <p>I 2020: GLORIA: (Melodi: Salmer 97 nr 243. Taizé) + Ofte utvida lovsong: Laudate Omnes Gentes (melodiar frå høgmesse i Altarboka frå 1996)</p> <p>Eller: Kyrie- og Gloria ledd frå Soul Children</p>	<p>For «andre» gudstenester og familiegudstenester kan vi halde fram med tidlegare val.</p>
<p>- Sanctus (Heilag...)</p> <p>- Agnus Dei (Du Guds lam)</p>	<p>I 2020: - Sanctus – Agnus Dei: (melodiar frå høgmesse i Altarboka frå 1996)</p>	<p>Sanctus: Av Torbjørn Dyrud Agnus Dei: Av Tor W. Aas</p>
<p>2. Bruk av prosesjonar (Inngang. Evangelieprosesjon. Utgang)</p>	<p>Inngang: Ved dåp, hausttakkefest, lysmesse og konfirmasjon Utgang: Ved lysmesse og konfirmasjon</p>	<p>Same som før. Ikkje evangelieprosesjon.</p>
<p>3. Informasjon (1 Førebuing) eller kunngjeringar (16) Korleis gjer vi det?</p>	<p>Førebuing: Etter kyrkjeklokker, før 3 klokkeslag. Kort og naudsynt info om gudstenesta, dåpsbarn, tilbod til born etc. Kunngjeringar: Info om takkoffer og (evt.) nattverd før takkoffer; andre kunngjeringar: normalt etter postludium. Kort.</p>	<p>Endring: Naudsynt info om gudstenesta, dåpsbarn, tilbod til born etc. ved presten etter nådehelsing. Resten: Som før.</p>

<p>4. Samlingsbøn. Ta stilling til kva samlingsbøn som normalt skal brukast.</p>	<p>I 2020: Varierende etter gudstenesta sin karakter (dåp, familiegudsteneste, vanleg gudsteneste)</p>	<p>Same som før. Vi skriv dei mest brukte inn i grunnordninga.</p>
<p>5. Syndsvedkjenning. Ta stilling til plassering (som ledd 5 eller før forbøn) .</p>	<p>I 2020: ledd 5</p>	<p>Endring: I Osterfjorden vil nemnda tilrå plasseringa før forbøn. I Mo var nemnda delt, men fleirtalet ønskte flytting som i Osterfjorden, men ville at soknemøtet si stemme skal takast omsyn til. Kommentar frå soknepresten våren 2023: Andre kyrkjelydar i Alver har syndsvedkjenning før Kyrie. Det kan vere praktisk at det er likt.</p>
<p>6. Dagens bøn. Ta stilling til om dagens bøn normalt skal brukast.</p>	<p>I 2020: Normalt ikkje nytta. På høgtidsdagar har bønna blitt nytta som samlingsbøn.</p>	<p>Same som før.</p>
<p>7. Dåp. Ta stilling til bruk av medliturgar, dåpslys, fadervår. Alle kyrkjelydar må ha kapasitet til dåp for dei som bur i soknet, ein må avgjera om det skal skje berre i hovudgudstenesta (og eventuelt kor mange) eller også i eigne dåpsgudstenester for å ha kapasitet til alle.</p>	<p>I 2020: Medliturg: Oftast medverkande: Ber dåpskanna (glasmugga vågar vi ikkje la borna bere), tømmer vatn, gjev presten klut, tenner dåpslys. Av og til les ein frå dåpsfølgjet bibelord om dåpen. Utanom Koronatid: Sjeldan trong for eigne dåpsgudstenester. Dåp mogleg på dei fleste gudstenestene, og sjeldan trong for avgrensing.</p>	<p>Same som før. Fadervår vert lest etter dåp berre når det ikkje er nattverd i gudstenesta.</p>

<p>8. Halleluja-omkved. Ta stilling til kva halleluja-omkved som normalt skal brukast.</p>	<p>I 2020: Hallelujavers: <i>(Melodi: 977.6. Berthier)</i></p>	<p>Innleiing med hallelujaomkvede eller eit salmevers med hallelujaomkvede. Hallelujaomkvedet kan bli teke oppatt etter evangelielesinga. Nytt forslag frå prest/organist. Av fintan 'O. Carrol/C. Walker: Sjå NoS 977.5</p>
<p>9. Truvedkjenning. Ta stilling til om den nikenske truvedkjenninga skal erstatta den apostoliske på enkelte dagar, og om truvedkjenninga normalt skal lesast eller syngast.</p>	<p>I Mo: Nikenum nytta av og til. I Osterfjorden: Nikenum nytta særleg 1. juledag og evt. andre høgtidsdagar.</p>	<p>Same som før i Osterfjorden. Endring: Mo gjer som i Osterfjorden. Presten vurderer. Når det er dåp, vert Apostolikum nytta og på høgtidsdagar.</p>
<p>10. Forbøn/kyrkjelydssvar. Ta stilling til kva forbønsmodell som normalt vert brukt, og kva kyrkjelydssvar ein normalt brukar, og variasjonar i kyrkjeåret (t.d. litani i fastetida).</p>	<p>I 2020: BØNESVAR: Osterfjorden: K: <i>Gud ver med oss alle. (Hovland. Salmer 97: 159) Ikkje godkjent.</i> Mo: K: Herre, høyr vår bøn. (Melodi: frå høgmesse i Altarboka frå 1996) Kan nyttast.</p>	<p>Bønesvar: Nytt bønesvar i Osterfjorden: Av Johan V. Ugland Same som før i Mo, eller som i Osterfjorden? Forbønsmodell: Same som før: Til vanleg forbøn 2 i GB s. 218, evt. med tillegg. De kan og bli utarbeidd lokalt</p>

		forankra forbøn til einskilde gudstenester, eller nytte forbøn 4, særleg når det er dåp eller familiegudsteneste.
11. Kyrkjelyden sitt takkoffer. Ta stilling til plassering og tilrettelegging. Ta stilling til om kyrkjelyden skal delta på siste setning i bøna etter takkofferet/førebuinga til måltidet.	-Plassering: Før salme før nattverd. -kyrkjelyden deltek ikkje på siste setning i bøna etter takkofferet	Same som før.
12. Dekking av bordet. Ta evt. stilling til frambering og dekking av bordet.	Ikkje tradisjon hos oss. Elementa ligg normalt på altaret før gudstenesta startar.	Same som før.
13. Fadervår. Ta stilling til kva versjon som skal brukast og om fadervår normalt skal lesast eller syngast.	Nyaste versjon på nynorsk. Vert lest.	Same som før.
14. fredshelsing når smitteverntilhøva opnar for det. Fredshelsing. Ta stilling til om kyrkjelyden helse kvarandre med handtrykk og/eller fredsønskje	Ikkje vanleg.	Same som før.
15. Utdeling. Ta stilling til utdelingsform (det normale bør vera med særkalk, jfr pkt 35)	Oftast: M særkalkar, intinksjon berre ved ekstraordinære høve.	Same som før. Ein kan nytte særkalkar både med knefall

		og utdeling i midtgangen.
16. Type brød, vin og kva utdelingsord som skal brukast.	Vanleg: oblatar (glutenfrie) Raud eller kvit avalkoholisert vin	Same som før.
17. Etter utdelinga: Ta stilling til om liturgen seier heile tilseiingsordet, eller om kyrkjelyden les med på siste del.	liturgen seier heile tilseiingsordet	Same som før.
18. Avslutninga av måltidet. Ta stilling til om liturgen les takkebøna aleine, eller om alle les høgt siste setning der det opnar for dette.	liturgen les takkebøna aleine	Osterfjorden: Same som før. Mo: Same som før, men ein ønskjer å prøve at kyrkjelyden les med på siste del.
Retningsliner for hovudgudstenester i årsplanen	I Mo: To gudstenester i året kan vere kveldsgudstenester. I Osterfjorden: Hovudgudstenester fungerer best kl. 11. Særskilte gudstenester – som konfirmanttida sine særlege gudstenester, kan ha alternative tidspunkt. Det kan vere mogleg å ha nokre gudstenester i Vike på alternative tidspunkt. Dei fleste hovudgudstenestene er med nattverd, og eventuell dåp. Trusopplæringsgudstenestene (utanom 4-årsbokutdelinga) har same struktur, og kan ha nattverd, og alternativ til	Same som før. Kyrkjene i Osterfjorden og Mo har 63 forordna gudstenester, som fordeler seg slik: Mo kyrkje 14; Vike kyrkje 5; Ostereidet kyrkje 32 (i oddetalsveker + høgtider); Hjelmås kyrkje 12 (i partalsveker). Erfaringane synte at 5 gudstenester per år i Vike gjorde at kontinuitet og tradisjonar forvittra. Vi har då teke tre gudstenester frå

	Kyrie og Gloria, t.d. Måne og Sol.(Sjå nedanfor).	Ostereidet, så vi no ønskjer å ha om lag 9 gudstenester i Vike.
--	---	---

Til og med 2020: Same som før.	
Familiogudstenester/familiemesser: følger same strukturen som vanlege hovudgudstenester, men blir tilpassa situasjon og hovudmålgruppe. Nokre ting går igjen:	
Samlingsbøn: blir valt etter målgruppa	
Kyrie / Gloria: Blir ofte erstatta med «Måne og sol». Same som før, men open for å prøve alternativ melodi på Kyrie/Gloria, t.d. frå Soul children.	
Synsvedkjenninga: kan kome på vanleg plass (etter samlingsbøna), eller som del av forbøna. Forslag frå nemnda i 2021: Synsvedkjenninga kjem før forbøna, – eller som del av forbøna. Kommentar frå soknepresten våren 2023: Andre kyrkjelydar i Alver har synsvedkjenning før Kyrie. Det kan vere praktisk at det er likt.	
Nattverd: blir vurdert, som regel ikkje når det er 4-års bok. Same som før.	
Talet på tekstlesingar og val av preiketekst: må bli tilpassa situasjonen. Same som før.	
Velsigning: På nokre gudstenester har ein valt «Må Gud velsigna deg» som velsigning. Same som før.	
Nokre gudstenester som går igjen: (Same som før.)	
<ul style="list-style-type: none"> • Hausttakkefest • 4-årsbok gudsteneste • Tårnagent gudsteneste • Lys vaken gudsteneste • Lysmesse for/med born i Vike 	
Ymse gudstenester i Mo der born/unge medverker	
Til og med 2020: (Same som før.)	
Talet på preiketekster blir tilpassa situasjonen	
Nattverdbøn E ofte eit naturleg val	
Ein har fokus på at gudstenesta ikkje blir for lang. Dette gjer at det ikkje kan vere for mange og for lange salmar, eller for lang preik.	

Retningslinjer for særskilte gudstenester: Temagudstenester, gudstenester for – og med ungdommar mm.	
Til og med 2020:	F.o.m. 2021
Av særskilte gudstenester – utanom trusopplæringsgudstenestene før konfirmantaldet – har vi hatt desse i dei seinaste åra:	

<ul style="list-style-type: none"> • Minnegudsteneste • Jazzgudsteneste / musikk gudsteneste • Presentasjon av konfirmantar • Lysmesse m/konfirmantar • Samtalegudsteneste • Konfirmasjon 	Same som før.
Kvar av gudstenestene har sitt særpreg og sin tilpasning. Men vi følger oftast strukturen (ordo) i vanlege gudstenester.	Same som før.

I det følgjande kjem eit utkast til fullstendig ordning for hovudgudstenesta. Den byggjer på ordninga frå gudstenesteutvalet, avslutta i 2021, og godkjend av sokneråda i Mo og Osterfjorden då. Men sidan har biskop Nordhaug hausten 2022 avslått søknadar om å halde på liturgisk musikk utanom dei 3 hovedseriane. Organist Fykse og sokneprest Aamli har i dialog med soknerådet i Osterfjorden, (og Aamli i Mo), kome med forslag om å gå inn for grunnserie 2. Dette ligg inne i ordninga som følgjer.

Nokre detaljar har og blitt endra av Aamli, og står skrive med grøn skrift. Sjå særleg på desse. Soknemøte har rett til uttale, og sokneråda gjer vedtak.

Mvh Torbjørn Aamli, sokneprest og sakshandsamar

Ordning for hovudgudsteneste



DEN NORSKE KYRKJA

Ordning¹ for hovudgudsteneste i Osterfjorden sokn og Mo sokn

i. Samling

1 Førebuing

Kyrkjerommet er ope ei stund før gudstenesta, med høve til å vera stille, tenna lys og be.

Klokkeringing

Kort informasjon om gudstenesta skjer normalt etter ledd 3 ved liturg. Om naudsynt, kan informasjon gjevast her, og bli avslutta med: Lat oss vere stille for Gud.

Tre klokkeslag

Eit stjernetekn (*) er sett til ledd der kyrkjelyden som hovudregel står.

**2 Inngangssalme²*

**3 Helsing*

Kjære kyrkjelyd:

¹ Det finst fleire alternativ i Gudstenestebok for Den norske kyrkja 2020. Dette er ei forenkla utgåve med dei alternativa som er i vanleg bruk. Der teksten er endra i høve til altarboka, er det oftast merka med fotnote. Nokre av forklaringane med raud skrift, er og flytta ned som fotnote, for å gjere ordninga meir oversiktleg – til dømes fotnote 2.

² Som preludium kan det framførast vokal-eller instrumentalmusikk som svarar til dagens karakter. Til vanleg blir dette gjort som forspel til salmen. Det kan vera prosesjon under preludiet og/eller

L | Nåde vere med dykk og fred
frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

eller annan godkjend helsing.

Kyrkjelyden set seg dersom den har stått³ under Inngangssalme og Helsing.
Her kan liturg⁴ seie fram ein heilt kort velkomst til kyrkjelyden og dåpsfølget m.fl.
Kort informasjon om gudstenesta kjem normalt her.

4 Samlingsbøn

ML | Lat oss be.

anten 1

ML | Gud, vi er komne inn ditt heilage hus for å ta imot det du vil gje oss.
Lat no opp hjarta våre, så vi kan fornyast i trua på deg.

eller 2

ML | Heilage Gud, vi er samla for ditt andlet for å møta din kjærleik og di sanning.
Send oss din Ande og gjer oss opne for det du vil gje oss. Lat ordet ditt slå rot i hjarta våre,
så Kristus lever i oss, og vi blir eitt i deg og tener deg i alle ting.

eller 3

ML | Gode Gud, du som gjev liv til alt som lever, vi prisar deg for alt det vakre på vår jord,
og for alt som lèt oss kjenna at du er god.

inngangssalmen. Prosesjonskross kan bli bore fremst i prosesjonen. Lys, tekstbok og dåpsvatn kan òg bli bore inn.

Kyrkjelyden står under prosesjon, og kan bli ståande under Inngangssalme og Helsing.

Brød og vin er utelate frå inngangsprosesjon, inklusiv kommentar om plassering på sidebord m.m.

Ordet “kan bli ståande” er teke med etter prosesjon, slik at det er høve til at kyrkjelyden sit under Inngangssalme og Helsing dersom det er gode grunner for det.

³ Her er tilføyd “dersom den har stått..”, sjå forrige kommentar.

⁴ Her er tilføyd “Her kan liturg...” for å opne for at liturg kan møte kyrkjelyden med nokre fritt valde ord og naudsynt informasjon tidleg i gudstenesta. Informasjonen fell bort om han er gjeven i pkt. 1.

Her for ditt andlet bed vi: Gjev oss lyttande øyre, takksame hjarte og tenande hender, så vi kan høyra ordet ditt, lovprisa deg for di miskunn, og i ord og gjerning vitna om dine storverk.

eller anna godkjend samlingsbøn, s. 168 i Gudstenestebok for Den norske kyrkja.

ML | Gud, vi bed. Amen.

[5 Syndsvedkjenning]

Kan unnataksvis⁵ koma her, men normalt som ledd 17. Sjå under ledd 17.

Kommentar frå soknepresten våren 2023: Andre kyrkjelydar i Alver har syndsvedkjenning før Kyrie. Det kan vere praktisk at det er likt.

Synsvedkjenninga blir innleidd med:

L | Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.

eller annan godkjend innleiing.

Kort stille stund

Liturgen kneler under syndsvedkjenninga og den stille stunda. Også kyrkjelyden kan knela.

A | Gud, du kjenner og elsker oss alle.

**Du vil at vi skal ta vare på kvarandre
og på jorda.**

Vi veit at vi sviktar og gjer deg imot.

**Tilgjev oss og hjelp oss,
for Jesu skuld.**

B |

Gud, ver meg nådig!

**Eg har synda mot deg og svikta min neste
– med tankar og ord, med det eg har gjort,
og med det eg har forsømt.**

**Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte,
og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.**

⁵ Særleg aktuelt når det er konfirmasjon, Bots- og bøneda g m.fl.

Kommentar frå soknepresten våren 2023: Andre kyrkjelydar i Alver har syndsvedkjenning før Kyrie. Det kan vere praktisk at det er likt: Altså at vi følgjer dei andre kyrkjelydane i Alver.

C | Gud, ver meg nådig!

Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte, og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

eller anna godkjend syndsvedkjenning.

Til somme gudstenester kan ein også bruka andre syndsvedkjenningar enn dei godkjende alternative.

Tilseiingsord.

L | [Les 1. Joh 1,9 eller anna høveleg bibelord]

L: Guds ord seier: Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd.⁶ 1 Joh 1,9
eller

L: Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er hans miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå oss. Salme 103,11-12

6 Bønerop Kyrie⁷

L | [seier eller syng] Lat oss be om Herrens miskunn.

A | Kyrie eleison. Miskunna deg over oss.
Kriste eleison. Miskunna deg over oss.
Kyrie eleison. Miskunna deg over oss.

7 Lovsong Gloria⁸

Gloria kan utelatast i fastetida.

L | [seier eller syng] Ære vere Gud i det høgste.

A | Og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.
Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

[8. Dagens bøn] er utelate i samsvar med dagens liturgi i Osterfjorden og Mo. Bøna kan på særskilte dagar nyttast som samlingsbøn eller i samband med preika.

⁶ Tilseiingsorda kan utelatast i gudstenesteboka, men er tekne med som fast ordning her i samsvar med dagens liturgi i Osterfjorden og Mo.

⁷ Musikken og teksten er henta grunnserie 2: Mari .T. Hinze/Torbjørn Dyrud

⁸ Musikken og teksten er henta frå: grunnserie 2: Magnus Beite/Torbjørn Dyrud

Eventuell **Dåp** i hovudgudstenesta har ein vanlegvis her.

ii. Ordet

I andre hovudgudstenester enn høgmessa kan det vera to lesingar, eller éi lesing (evangeliet). Då kan ledd 10 Bibelsk Salme / Salme falla bort. Kyrkjelyden står under evangelielesinga og sit under dei andre lesingane.

L/ML | Lat oss høyra Herrens ord.

9 Første lesinga

Frå Det gamle testamentet

ML | Det står skrive i/hos...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

10 Salme / Bibelsk salme

11 Andre lesinga

*12 Evangelium

Evangelielesinga blir innleidd med eit hallelujaomkvede eller eit salmevers med hallelujaomkvede.

L [L/ML⁹] | Det står skrive i evangeliet etter... Vi reiser oss og syng hallelujaverset¹⁰.

A | Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.

Evangelielesing

Lesinga sluttar med:

L/ML | Slik lyder det heilage evangeliet.

⁹ Normalt er det liturgen som innleier, og når andre les evangelieteksten, av di det skapar tryggleik -særleg når ein har unge tekstlesarar.

¹⁰ Melodi: NoS 2013: 977.5. O'Carrol/Walker

A | Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.

13 *Preike*

Predikanten preikar over evangelieteksten eller annan oppsett preiketekst.

Preika kan avsluttast med denne lovprisinga:

L | Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande,
som var og er og vera skal éin sann Gud frå æve og til æve.

Salme

Etter preika kan det vera høve til ei stille stund, ein kort salme eller meditativ musikk.

*14 *Truvedkjenning CREDO*

Truvedkjenninga blir sagt fram. Dersom det er dåp i gudstenesta, kan truvedkjenninga utelatast her¹¹.

ML/L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

A | Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,

Guds einborne Son, vår Herre,

som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy,

pint under Pontius Pilatus,

vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket,

stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen,

**sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå
og døma levande og døde.**

Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje,

**eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen
og evig liv.**

Amen. Den apostoliske truvedkjenninga

¹¹ Det er det vanlege.

På høgtidsgudstenester¹² nyttar ein gjerne denne vedkjenninga:

**A | Vi trur på éin Gud, den allmektige Far,
som har skapt himmel og jord, alt synleg og usynleg.**

**Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus, Guds einborne Son,
fødd av Faderen før alle tider, Gud av Gud, lys av lys,
sann Gud av sann Gud, fødd, ikkje skapt,
av same vesen som Faderen. Ved han er alt skapt.
For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen,
og ved Den heilage ande og av Maria møy vart han menneske av kjøt og
blod.
Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, leid og vart gravlagd,
stod opp tredje dagen etter Skriftene og fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Faderen, skal koma att i herlegdom
for å døma levande og døde,
og hans rike skal vera utan ende.**

**Vi trur på Den heilage ande, som er Herre og gjer levande,
som går ut frå Faderen og Sonen,
som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen, og som har tala
gjennom profetane.**

**Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje. Vi vedkjennest éin dåp til
forlating for syndene og ser fram til oppstoda av dei døde
og eit liv i den komande verda. Amen.**

Den nikenske truvedkjenninga.

[15 Salme]

*Salmen kan utelatast dersom ein syng truvedkjenninga, eller at ein syng mellom preike og
truvedkjenning.*

[16 Kunngjeringar/andre innslag¹³]:

¹² Viss det ikkje er dåp i gudstenesta. Ein ønskjer ikkje at ei gudsteneste med dåp blir for lang.

¹³ Gudstenesteboka opnar for å plassere kunngjeringar ein annan plass enn her. Formuleringa «andre innslag», og døma er våre formuleringar.

17 *Synsvedkjenning.* *Synsvedkjenninga følger normalt her, eller som ledd 5.*
Kommentar frå soknepresten våren 2023: Andre kyrkjelydar i Alver har synsvedkjenning før Kyrie. Det kan vere praktisk at det er likt, og soknepresten tilrår det.

Synsvedkjenninga blir innleidd med:

L | Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.
eller annan godkjend innleiing.

Kort stille stund

Liturgien kneler under synsvedkjenninga og den stille stunda. Også kyrkjelyden kan knela.

A | Gud, du kjenner og elsker oss alle.

**Du vil at vi skal ta vare på kvarandre
og på jorda.**

Vi veit at vi sviktar og gjer deg imot.

**Tilgjev oss og hjelp oss,
for Jesu skuld.**

B |

Gud, ver meg nådig!

**Eg har synda mot deg og svikta min neste
– med tankar og ord, med det eg har gjort,
og med det eg har forsømt.**

**Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte,
og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.**

C | Gud, ver meg nådig!

**Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte,
og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.**

eller anna godkjend synsvedkjenning.

Til somme gudstenester kan ein også bruka andre synsvedkjenningar enn dei godkjende alternative.

L: Guds ord seier: Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd.¹⁴ **1 Joh 1,9**
eller

Informasjon om takkoffer og nattverd skjer normalt etter forbøn. I særskilte høve kan det vere informasjon om misjonsprosjekt, tiltak i kyrkjelyden, eller andre innslag. Andre kunngjeringar skjer etter postludium.

¹⁴ Tilseiingsorda kan utelatast i gudstenesteboka, men er tekne med som fast ordning her i samsvar med dagens liturgi i Osterfjorden og Mo.

L: Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er hans miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå oss. **Salme 103,11-12**

18 Forbøn for kyrkja og verda

Forbøna leiast av medliturg og / eller prest¹⁵. Dei enkelte bønneavsnitta kan lesast av fleire.

Forbøna kan bli innleidd med:

ML/L | Lat oss be for kyrkja og verda.

eller

ML/L | Lat oss be.

Kvart bønneavsnitt kan avsluttast med:

ML/L | Gud, vi bed.

eller

ML/L | Det bed vi deg om, Gud.

Lese eller sunge av den som bed bønneavsnittet.

Kyrkjelydssvar

Etter kvart bønneavsnitt følgjer eit svar frå kyrkjelyden, sunge eller lese.

M | Herre, høyr vår bøn.

eller

M | **Herre, vår Gud, høyr oss når vi bed.**¹⁶

eller anna godkjend bønesvar

Etter siste bønneavsnitt syng alle **Amen**.

[*Skal Osterfjorden og Mo sokn gjere noko med følgjande punkt? Til dømes som i **Meland?**] Kommentar i Meland:

Gudstenesteboka har i dette punktet ulike ordningar og rettleiing om desse. I Meland vert dette teke inn i forbøna, i samsvar med dagens liturgi.

¹⁵ Gudstenesteboka har i dette punktet fleire ulike rettleiingar og henvisningar om utforming av bøn. Desse er ikkje tekne med her. Gudstenesteboka seier at bøna helst bør leiast av medliturg. Dette er opna litt opp her med at den leiast av medliturg og /eller prest. Det er vanleg at presten seier dei innleiande orda, sjølv om ein annan ber første del av bøna.

¹⁶ Av Johan V. Ugland

Vi minnest dei døde og bed for dei sørgjande

I forbøna bed ein for dei etterlatte etter gravferder halde sidan sist kyrkjelyden var samla.

Informasjon

Informasjon om takkoffer, eventuell bønemandring og praktiske tilhøve rundt nattverden.

19 Takkoffer

Under ofringa kan det syngjast ein salme¹⁷, som då blir salme før nattverd, eller framførast høveleg instrumental- eller vokalmusikk. Takkofferet samlast inn i kyrkjebenkane eller elektronisk. I nokre kyrkjer¹⁸ er det tradisjon med offer som vert lagt på altaret.

Soknepresten sin kommentar: Takkoffer gjennom Vipps er no blitt vanleg. Det fungerer best når organisten speler. Skal vi syngje, bør det vere ein song vi kan godt.

Om nattverd ikkje er med i hovudgudsteneste, går liturgien vidare med ledd 24.

iii. Nattverd

Det kan vere bønemandring under nattverden.

20 Førebuing av måltidet¹⁹

Ofringa avsluttast med:

L | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne.

Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.

Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

eller annan godkjend takkofferbøn.

*21 Takkseiing og bøn

¹⁷ Ordninga med elektronisk takkoffer talar for instrumental- eller vokalmusikk.

¹⁸ Gjeld Mo kyrkje og Vike kyrkje.

¹⁹ Kommentaren «Nattverdbordet blir dekkja under salmen i punkt 18» og “Ein legg brød på disken og heller vin i begeret” er utelate her, då dette normalt er ferdig førebudd i Osterfjorden og Mo.

Nattverdsalme

I kyrkjer der det ikkje er song under takkoffer, kan vi syngje ein kort nattverdsalme etter takkofferbøn.

Helsing PREFASJONSDIALOG²⁰

L syng eller seier | Herren vere med dykk.

K reiser seg og syng | **Og med deg vere Herren.**

L | Lyft dykkar hjarte.

K | Vi lyfter våre hjarte til Herren.

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

K | Det er verdig og rett.

NATTVERDBØNER²¹

NATTVERDBØN D

(Byggjer på Emmausforteljinga, Lukas 24)

Innleiande lovprising Prefasjon

Liturgen vender seg mot altaret og syng eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen²², eller følgjande ord:

L | Vi prisar deg, evige Gud, du som har skapt verda og alt som er i henne. Det er i deg vi lever, rører oss og er til. Saman med din kyrkjelyd i himmelen og på jorda lovsyng vi ditt heilage namn:

Heilag SANCTUS²³ Allmenn serie 1, 2, fest- og fasteserien

A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

L/ML syng eller seier | Vi takkar deg, all miskunns kjelde. Du sende Son din. Han vart krossfest og stod opp frå dei døde. Han opna skriftene og openberra seg for venene sine då han braut brødet og gav dei.

²⁰ Av Egil Hovland, 1977 liturgien.

²¹ Bøn E vert ofte brukt når det er dåp, eller gudstenester med deltaking av born. Elles vert D ofte brukt. Det er og andre godkjende bøner.

²² I Gudstenestebok for Den norske kyrkja s. 239ff

²³ Av Torbjørn Dyrud

L | No bed vi deg: Lat din heilage Ande koma over brødet og vinen, så auga våre blir opna, og vi kjenner han att som vår krossfeste og oppstadne Frelsar.

Innstiftingsorda VERBA

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det!

Dette beger er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk, så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.

Når liturgen syng eller seier fram orda, eller etter kvar del av innstiftingsorda, lyfter liturgen først brødet, deretter vinen.

Her kan følgja

Mysteriet i trua²⁴

L | Mysteriet i trua er stort.

A | Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

L [/ML] seier | Heilage Gud, fyll oss med din Ande. Gjev oss brennande hjarte, så vi i undring og glede tek vare på ordet ditt og viser miskunn mot den som lid. Bli hos oss, også når vi tvilar og sørgjer. Gå med oss, inntil sagn og smerte har vike for evig jubel og lovsong.

Nattverdsliturgen går vidare med Fadervår.

L | Lat oss be Herrens bøn:

²⁴ Vert sagt fram. Mest nytta når det ikkje er dåp. Difor er det ikkje med under bøn E i vår lokale ordning. [Soknerpresten foreslår \(2023\) at dette normalt blir nytta, og i bøn E.](#)

A | Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.

NATTVERDSBØN E

Helsing PREFASJONSDIALOG

(Omarbeidd etter familiemessa frå 2003)

L syng eller seier | Herren vere med dykk.

K reiser seg og syng | Og med deg vere Herren.

L | Lyft dykkar hjarte.

K | Vi lyfter våre hjarte til Herren.

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

K | Det er verdig og rett.

Innleiande lovprising PREFASJON

Liturgen vender seg mot altaret og syng eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen.

Alternativt kan liturgen seie følgjande:

L | Vi takkar deg, gode Gud, du som held himmel og jord i dine hender. Du har skapt oss i ditt bilete og gjeve oss livet i gåve. Saman med englane og di kyrkje i himmelen og på jorda lovsyng vi ditt heilage namn:

Heilag SANCTUS

A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

L/ML syng eller seier | Heilage Gud, vi takkar deg for Jesus Kristus, verdsens frelsar. Han døydde og stod opp att for å gje oss evig liv. Vi takkar deg for gåva i dåpen, der vi blir fødde på nytt, og for nattverden, der du samlar oss som din store familie. Vi bed deg: Send din heilage Ande over brødet og vinen. Gjer oss til eitt med kvarandre og med Jesus Kristus.

Innstiftingsorda VERBA

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.

Når liturgen syng eller seier fram orda, eller etter kvar del av innstiftingsorda, lyfter liturgen først brødet, deretter vinen.

Her kan følgja

*Mysteriet i trua*²⁵

²⁵ Vert sagt fram. Mest nytta når det ikkje er dåp. Difor er det ikkje med under bøn E i vår lokale ordning. **Soknerpresten foreslår (2023) at dette normalt blir nytta, og i bøn E.**

L | Mysteriet i trua er stort.

A | Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.
Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

L/ML | Gud, fyll oss med din Ande. Ta oss alle i din famn, slik ei kjærleg mor samlar borna sine om seg.
Lat dei små bli lyfte opp og dei svoltne bli metta med gode gåver.

Liturgen og/eller eitt eller fleire born syng eller seier:

Saman med alle dine born bed vi den bøna Son din har lært oss.

Fadervår

Blir sagt fram eller sunge²⁶.

L | Lat oss be Herrens bøn:

A | Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve. **Amen.**

A | Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

*22 Nattverdsmåltidet

Fredshelsing PAX²⁷

L seier | Guds fred vere med dykk.

K | Guds fred vere med deg.

Du Guds Lam AGNUS DEI²⁸

A syng | Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.

²⁶ Ikkje vanleg å syngje Fadervår i Osterfjorden eller Mo no.

²⁷ Gudstenesteboka opnar eiga punkt om brødsbryting. Dette er ikkje teke med, i samsvar med dagens ordning i Osterfjorden og Mo. Det er og høve til utvida fredshelsing, men det nyttar vi ikkje til vanleg.

²⁸ Av Tore W. Aas

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

L seier | Kom, for alt er gjort ferdig²⁹.

Kyrkjelyden står heilt til dei første går fram til nattverden.

Utdeling

Under utdelinga kan ein syngja ein eller fleire salmar, eller det kan vera korsong eller annan høveleg musikk.

Utdelingsorda lyder slik:

Kristi kropp, gjeven for deg. Kristi blod, gjeve for deg.

Det er òg høve til å nytta desse utdelingsorda:

Dette er Jesu lekam. Dette er Jesu blod.

Dei som kjem fram og viser at dei ikkje skal ta imot nattverden, blir velsigna av den som ber brødet, med handspålegging eller krossteikning. Liturgen kan seia dette eller liknande ord:

Herren velsigne deg og vare deg og føre deg til det evige livet.

Dersom det er utdeling med felles knefall, kjem fredsønsket anten etter kvart knefall eller til slutt.

Etter utdelinga:

L³⁰ seier | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin kropp og sitt blod som han gav til soning for alle våre synder. Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet. Fred vere med dykk.

23 Avslutning av måltidet

Takkebøn

L | Lat oss takka og be.

Vi takkar deg, nådige Gud, du som gjennom brødet og vinen har gjeve oss del i Jesu Kristi sigerrike død og oppstode. Vi bed deg: Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

eller

²⁹ Gudstenesteboka opnar for at invitasjonen vert gjeve før Agnus Dei. Her kjem den etter, i samsvar med dagens ordning.

³⁰ Kommentar: Gudstenesteboka opnar for kyrkjelydssvar "Han styrkje oss..." , men i Osterfjorden og Mo seier liturgen desse orda.

L | Lat oss takka og be. Trufaste Gud, du som i dåpen har gjeve oss barnekår og gjort oss til arvingar i ditt rike. Vi takkar deg for dette måltidet, der du har gjeve oss forlating for syndene og fornya oss i trua på dine lovnader. Vi bed deg: **Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.**³¹

eller annan godkjend takkebøn, sjå Gudstenestebok for Den norske kyrkja s. 160f.

[*Skal Osterfjorden og Mo sokn gjere noko med dette punktet? Til dømes som i Meland?]

*Dersom bøneskåla er bore fram*³², kan liturgen lese opp bønner og / eller be ei felles bøn:

Vi legg særskilt fram for deg bønene vi har bore fram i bøneskåla. Takk for at du høyrer våre tankar og bønner. Amen.

Alteret blir rydda. Beger og disk blir dekte med nattverdsklede.

IV. Sending

**24 Salme*

Salmen kan flyttast til Postludium/Utgangsprosesjon, ledd 27.

**25 Velsigning*

Den enkelte kan gjera krossteikn etter velsigninga.

*Lovprising BENEDICAMUS*³³

L | Lat oss prisa Herren.

K | Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

eller

L seier | Ta imot velsigninga.

L syng eller seier | Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠

eller annan godkjend velsigning.

Kyrkjelyden syng:

³¹ Den utheva teksten kan seiast av alle, eller av liturg/medliturg.

³² Gudstenesteboka nemner ikkje bøneskål, men denne ordninga har dei i Meland. Er det ein god praksis?.

³³ Av Egil Hovland, 1977 liturgien.

K | Amen. Amen. Amen.

Tre gonger tre bøneslag

**27 Salme /postludium / [utgangsprosesjon³⁴]*

Her følgjer ein salme dersom ein ikkje har sunge salme før
Velsigning.

Kyrkjelyden blir normalt ståande under siste salme.

26 Kunngjeringar³⁵/Utsending³⁶

Kunngjeringar ved ML om neste gudsteneste, arrangement og anna nytting informasjon. Desse avsluttast med:

L | Gå i fred. Ten Herren med glede.

eller annan godkjend utsending.

³⁴ Utgangsprosesjon er vanleg berre under lysmesse og konfirmasjon. Då må naudsynte kunngjeringar kome til dømes etter forbøna.

Dersom det er utgangsprosesjon, kan kyrkjelyden følgja etter prosesjonen. I staden for postludium kan kyrkjelyden syngja ein salme medan ein går ut.

Gudstenesteboka nemner og anna aktivitet som kan følgje gudstenesta. Desse forslaga er ikkje tekne med her.

³⁵ Kunngjeringar som ikkje er naudsynte for denne gudstenesta, er plasserte her i samsvar med dagens ordning. Dei bør vere korte.

³⁶ Punkt 26 kjem med våre val etter punkt 27 I Gudstenestebok for Den norske kyrkja 2020.

